

## Viktig med fast forankring i det kristne samfunnet

I sommar feira Kjell Furnes 80 år. I den anledning tok Radio Sunnmøre ein prat med Furnes om mykje av det han har fått vore med på i løpet av livet.

Tekst: Ragnhild Kristine Vartdal Espelund

Kjell Furnes har vaks opp på øya Giske, og har budd i kommunen største delen av sitt åtti år lange liv. Han utdanna seg til byggingeniør, men vegen frå studie og vidare vart annleis enn Furnes først hadde tenkt. I 1965 kom Kjell Furnes heimatt frå ingeniorskulen og vart då sett opp på ei politisk krinsliste som fyrste vara.

– Ein av medlemene på lista døde og eg rykte opp til fast medlem. Det drog meir og meir på seg etterkvart, og eg vart utfordra til å stille å ta på meg meir, fortel Furnes.

### LANG MERITTLISTE

Furnes har blant anna vore varaordfører i Giske i perioden 1970-1971, ordførar i Giske 1972-1975, fylkesordførar i Møre og Romsdal i 1976-1979 og 1979-1983. Han vart innvalt på Stortinget frå Møre og Romsdal i 1985. Etter sju år på Stortinget, og 25 år i politikken, starta Furnes i Sunnmøre Indremisjon.

– Eg lærte mykje om folk og samfunnet, men eg fekk det ganske klart for meg dei to siste åra eg var der at eg ikkje skulle halde på med politikk resten av livet. Det vart også veldig klart for meg at eg skulle inn i misjonen i heildagsteneste. Då eg fekk brev frå Sunnmøre Indremisjon om eg kunne ta over etter Gunnar

Kjøde, så brukte eg ikkje lang tid på å bestemme meg for at det var riktig å gjere, fortel Kjell Furnes som då tok over etter Kjøde som krinsleiar i Sunnmøre Indremisjon.

Etter 25 år i politikken har Furnes aldri angra på at han sluttar i politikken og starta i misjonen.

– Eg har aldri angra på at eg gjorde det eg gjorde. For eg fekk nokre rike år her på Sunnmøre. Det eg var mest spent på var forkynninga, for det hadde eg ikkje gjort så mykje, fortel Furnes om det å starte i misjonen.

### FRAMLEIS ENGASJERT

Også i dag som åttiåring er Furnes svært engasjert i ulike organisasjonar og kristent arbeid.

– Eg takkar Gud kvar dag for god helse og arbeidslyst. Og eg synest det er godt å få vere med å gjere positive ting, og har i grunnen sagt ja til dei oppgåvane eg blir spurta om å ta på meg. Eg opplever det fint å vere med, seier Furnes.

I tillegg til både betalt og frivillig arbeid, og ikkje minst kone og barn, har Furnes bygd sin eigen båt. Også i dag held han interessa for bygging ved like gjennom at han tek kurs i treskjering.


– Eg brukte lang tid, fortel Furnes om båtbygginga.

– Heile 1500 timer. Resultatet vart bra, legg Furnes til med eit nøgd smil.

### VART EIN KRISTEN I 1953

Kjell Furnes huskar godt den dagen då han tok i mot Gud og vart ein kristen. Og han kan fortelje at det ikkje har berre vore enkelt å tru, at det har ofte vore ei utfordring.

– I frå konfirmasjonstida var eg borte



Kjell Furnes

i frå Gud, men eg kjende på ein sterk lengt og uro. Men i 1953 kom det ein forkynner til Giske og det braut ut ei vekking blandt ungdommen, og eg var ein av dei, fortel Furnes.

Det å vere ein kristen har ofte vore ei utfordring, fortel Furnes, som har vore engasjert både i politikken, i ulike styre, samt i kristne organisasjonar og i bedehusmiljøet.

– Trua har ofte vore ei utfordring i ulike miljø. Det er ikkje alltid lett å vere ein kristen politikar i dag, heller ikkje då. Det er klart at ein kjem inn i ulike miljø og utfordringar, så det er verkeleg noko å tenke over. Men eg har sett det slik at er du ein kristen, så er du det ikkje berre på bedehuset, men også utanfor bedehuset sine veggjar.

Så det var avgjerande for meg, at visst eg bekjente Jesus som min Frelsar, så skulle det merkast i kvardagslivet, seier Furnes til Radio Sunnmøre.

– Det har vore ei bøn og ein inspirasjon for meg å leve livet mitt slik at eg ikkje

gjorde skam på Jesus, men at det var til ære for ham, fortel ein tydeleg bevega Furnes i intervjuet.

### VIKTIG MED FAST FORANKRING

Igjennom utfordringane Furnes har hatt i si kristne tru, så har bedehuset og samhaldet der vore viktig for han.

– Det har vore viktig for meg å ha ei fast forankring på bedehuset og i det kristne samfunnet. Det andre er at eg fekk ei veldig god kone som deler mi interesse for misjon, og fleire born som fylgjer etter på same veg. Det har vore ei glede og styrke å ha det fellesskapet familiært, og at vi kan gå saman på vegen i fellesskap slik, fortel åttiåringen.

Heilt til slutt trekker ein prega Furnes fram det som engasjerer han også i dag.

– Av alt viktig så vil eg prioritere det viktigaste. Og det er å forkynne evangeliet, avsluttar Furnes.

# Ommøblering til det positive



**Ragnhild Kristine Vartdal  
Espelund**  
Dagleg leiar Radio Sunnmøre

Det er ikkje berre berre å skulle omorganisere i eit rom i heimen. Er det eigentleg nødvendig å flytte sofaen frå plassen han har stått på dei siste tjue åra, og kan eg eigentleg kvitte meg med godstolen som er passe slitt og falma, den er jo sååå god å sitte i? Nei, det er kanskje ikkje nødvendig, men tør ein å bytte ut godstolen med ein ny stol og flytte sofaen til andre sida av stova, så har ein kanskje sett at det var kjekt å ha utsikt frå sofaen i staden for å sjå inn i same veggen og irritere seg over same lista med hakk i som ein har sett på kvar dag i tjue år. Stova verka også plutseleg litt større og lysare.

Ber eg borna mine om å rydde rommet er det ikkje få gongar dei har kome med ei leike dei meiner vi kan gje bort fordi dei har vaksle frå den. Ferdig brukta, la nokon andre få glede av den.

## Resultatet av konsekvensen

Det er ikkje alltid ein veit kva resultatet av det ein gjer blir. Vi som vaksne vil aller helst vite både konsekvensar og resultat før vi gir oss ut på ei endring. For born er det ofte mykje enklare. Dei ser muligheter, gjennomfører og er ofte nögd med resultatet. Om ikkje med ein gong, så lærer dei seg iallfall raskt å leve med endringane.

I Bibelen står det at vi skal bli som born igjen for å kome inn i Guds rike. Kanskje må vi også bli litt som born igjen for å leie med oss fleire til Guds rike?

Det viktigaste ein lærer i første klasse som born er å vere gode med kvarandre, sjå kvarandre og spør om andre vil vere med i leiken. Og borna er flinke til å gjere

akkurat dette, utan å fylgje eit system eller gjere vedtak i førekant av at ein inviterer til leik.

## Endringar er ei utfordring

Vi vaksne vil gjerne ha det slik vi alltid har hatt det, og skal ein endre på noko skal det diskuterast, vurderast, funderast på, stemmest over, til vedtak både her og der, og kanskje kan ein prøve det ut ei periode på ein liten plass. Kva med å satse? Kva med å sjå på endringar som nye utfordringar som kan hjelpe oss til å nå lengre?

I staden for å jobbe meir med hensikta og målet i det kristne arbeidet og engasjementet, heng vi oss ofte opp i korleis vi alltid har gjort det og korleis vi kan gjere det bra, på kvar vår tue. Litt satt på spissen...

*I staden for å jobbe  
meir med hensikta  
og målet i det  
kristne arbeidet og  
engasjementet, heng  
vi oss ofte opp i  
korleis*

Ville ein ikkje fått ein større og lysare organisasjon om ein kvitta seg med noko og ommøblerte litt, og fekk større fokus på mål og hensikt enn papirflytting, oppussing og energikrevjande diskusjonar om kor vidt ein person passar i eit verv eller at maleriet på bedehuset ikkje kan flyttast på?

Vi har fått eit kall og ei befaling om kva målet og hensikta er. På Sunnmøre ser ein heilt klart muligheter der ein i luthersk samanheng, iallfall, kunne klart å samarbeide meir konkret for å nå hensikt og mål. Korleis kan til dømes ImF og NLM, som i utgangspunktet er ganske like, bli som born igjen, og gå saman mot målet og hensikta ein deler? Kanskje kan ein i første omgang prøve det ut på ein «liten» plass, som Sunnmøre?

## ORGAN FOR SUNNMØRE INDREMISJON

### Heimemisjonen

Redaktør: Johan Halsne  
Postboks 7836 Spjelkavik,  
6022 Ålesund  
Tlf. 70 17 86 70  
Fax. 70 17 86 69  
Bankgiro: 3000.15.31235  
E-post: sunnmore@imf.no  
Internett: www.imf.no/sunnmore  
Ung Misjon: www.ungmisjon.no

### Brusdalsheimen

Telefon: 70 27 45 53  
Bankgiro 3900.31.17255  
**Orreneset Misjonssenter**  
Telefon: 70 25 07 56  
Bankgiro: 4045.07.07211  
**Daggry barnehage**  
Telefon: 70 18 24 97  
Bankgiro: 3000.21.36682  
**Borgund Folkehøgskule**  
Telefon: 70 17 76 00  
Bankgiro: 8220.02.20788

### Møre Ungdomsskule

Telefon: 70 17 66 70  
Bankgiro: 8220.02.80287  
**Møre barne - og ungdomsskule Skodje**  
Telefon: 40 29 36 41  
Bankgiro: 3000.32.36796  
**Møre barne - og ungdomsskule Herøy**  
Telefon: 70 08 05 50  
Bankgiro: 3000.18.45655

### Begravelsesbyrået

**Sunnmøre A/S**  
Telefon: 70 17 86 60  
Vakttelefon: 90 86 38 56  
**Si-Reiser AS**  
Telefon: 70 17 90 00  
www.si-reiser.no  
**Radio Sentrum**  
Telefon: 70 15 41 00  
Bankgiro: 3900.21.10311  
www.radiosentrum.no

# Daggry barnehage bygger nytt

**Måndag 29. august var ein merkedag for Daggry barnehage på Valderøya. Då starta Aco Anlegg A/S med å grave ut tomta for ny barnehage.**

**Tekst og foto:** Karl-Arne Austnes, leiar styret for Daggry barnehage

Ein lang prosess har kome eit viktig steg vidare. Det er meir enn sju år sidan vi starta arbeidet med å finne ei ny tomt til barnehagen. Den eldste delen av neverande bygning er frå 70-talet og har lenge vore nedslitt. I tillegg har vi berre hatt godkjenning for tre avdelingar medan behovet i lang tid har vore ein barnehage med fire avdelingar. Uteområdet på neverande barnehage er også for lite til den bruken vi har.

Vi har fått kjøpe ei flott tomt av Giske kommune like ved den nye barneskulen sentralt på Valderøya. Der har vi fått plass til og godkjenning til ein ny fire-avdelingsbarnehage. I tillegg har vi rikeleg med uteområde som skal nyttast til å bygge opp ein fin leikeplass.

Det er Moldskred A/S som har teikna og prosjektert den nye barnehagen. Pantelân har vi fått i Husbanken og vår hovudsamarbeidsbank Sparebanken Sør har gitt byggelân. Den gamle barnehagen er sold til Giske kommune, som igjen gir eigenkapital til prosjektet.



Når vi no kan starte opp med gravearbeidet så betyr det at anbodsarbeidet er ferdig og at det gav eit resultat som låg innanfor budsjettet våre. Vi er takksame for at entreprenørane har gitt gode tilbod som gjer det mogleg å realisere dette byggeprosjektet. Heile prosjektet er kostnadsrekna til omlag 26 mill kroner pluss moms. Då er også kjøp av tomt rekna med.

Momsen har vi krav på å få refundert. Etter kvart blir det også behov for dugnadsarbeid og vi vonar at mange vil stille opp med ei hjelpende hand.

Vi er takksame for at misjonsfolket tek Daggry barnehage med i bøn til Herren. Må den nye barnehagen bli til velsigning for born og foreldre.

## Giske indremisjon har runda 100 år

**Giske Indremisjonforeining kunne feire 100-års jubileum søndag 4.september.**

På jubileumsfesten tok Kjell Furnes for seg utviklinga i foreininga frå oppstarten og fram til i dag. Det må nok kunne seiast at arbeidet har gått både opp og ned gjennom desse mange åra. Og aktiviteten har til tider vore mykje større enn i dag. «Men framleis får vi bringe Guds ord ut til folket på Giske gjennom arbeidet på bedehuset». I tillegg til den vanlege møteverksemda er her aktivt arbeid i Søndagsskule, to barnekor og Kjellartreff. Det er også fast bønnesamling kvar onsdag.

Stiftingsdagen for foreininga var 13.februar 1916, og tre år seinare kunne ein vigsl eige bedehus. Det var etter ei vekking i 1915 ved Knut Leine at tanken om ei indremisjonsforeining vakna til liv. 25 personar skreiv seg inn som medlemmar den gongen. Om lag samstundes vart det også skipa ungdomsforeining som hadde 60 medlemmar. Også før denne tid var der eit rikt foreningsliv på Giske; med foreiningar både for menn og kvinner, og søndagsskule og barneforeining.



God stemning rundt kaffibordet.

Krinsleiar i Sunnmøre Indremisjon, Johan Halsne, heldt festtalen, og han trekte spesielt fram kva kraft det er i ein konge sitt ord. «Vi har ikkje fått helsing frå kong Harald – slik alle 100-åringar får – men vi har fått frå Kongenes konge». Han tok så utgangspunkt i den svenske omsetjinga av Forkynnaren 8,4:»Der en konges ord er, der er det kraft».

Det var også vakker song ved Johan og Aud Halsne saman med Hans Louis Valderhaug. Elles var der helsingar frå ordførar Harry



Desse deltok med song, f.v. Johan Halsne, Hans Valderhaug og Aud Halsne.

Valderhaug, frå ImF ved Erik Furnes, og Solfrid Ulstein Riise. Jubileumskake og kaffi høyrr sjølv sagt med på ein slik fest. Og rundt borda vart det ein del mimring om tidlegare tider. Men der var ingen som hugsa heilt tilbake til 1916!

# Nye medarbeidere i ImF-UNG Sunnmøre

**Mathias Lindgren Mulelid (25 år) og Hilde-Sofie Blindheim Østrem (25 år) er nye medarbeidere i ImF Ung Sunnmøre. Begge har dei vokst opp på Sunnmøre og er klare for å bringe budskapet om Jesus ut til barn og unge i krinsen.**

Tekst og foto: Imf Ung Sunnmøre

– Jeg bodde mine første syv år i Bergen, men jeg har vokst opp på Valderøya. Så jeg kaller meg sunnmøring, forteller Mathias, som holder mer med Brann enn AaFK. (Mathias er gift med Martine) Bortsett fra ett år i Oklahoma, USA, har Hilde-Sofie bodd på Sunnmøre. Ho voks opp på Blindheim, men ho har slått seg ned på Emblem med sin mann og sine to barn.

## Hvorfor ImF UNG Sunnmøre?

– Jeg så tilfeldigvis annonsen og fikk veldig lyst å søke, selv om jeg egentlig ikke var tenkt å begynne jobbsøkingen etter mammapermisjonen enda, forteller Hilde-Sofie.

– Jeg syntes stillingen hørtes spennende ut, og ble veldig glad da jeg fikk tilbud om 50 %. Hilde-Sofie er utdannet økonom, men har hatt deltidssjøbber rettet mot barn og ungdom.

– Grunnen til at jeg søkte på akkurat denne stillingen var at jeg hadde vært på jobbleting en stund. Jeg fikk et tips fra en av brodrene mine om at det var en ledig stilling her, sier Mathias. Videre forteller han at det var da han leste utlysingen at han tenkte at dette passet veldig bra for han. Og han fikk lyst til å søke på stillingen. Mathias har gått på Menighets Fakultetet (MF) og studert Ungdom, kultur og trosopplæring (UKT) som er rettet mot jobb med barn og ungdom.

## MOTIVASJON

Både Hilde-Sofie og Mathias blir motivert av å jobbe for at unge skal ha et sted å være. De gleder seg til å være med på leirer og andre arrangement som arrangeres. Mathias har hovedansvaret for planlegging av PitStop på Valderøya og Konfirmantarbeidet. (KonFu)

– Jeg blir også motivert av å kunne vise andre hvem Jesus er og hva han har gjort for oss. Det jeg merker at jeg gleder meg mest til med stillingen er kanskje KonFu arbeidet, som jeg skal være en del av, forteller Mathias.

– Og så gleder jeg meg til å komme ut i felten på leirer og lagsbesøk der jeg skal treffe barn og ungdom og å være sammen med dem.

– Jeg er ganske enig med Mathias. Jeg blir veldig motivert av å hjelpe andre. Og så gleder jeg meg veldig til å dra på leir og planlegge andre arrangementer, forteller Hilde-Sofie, som har flere spennende tanker om fremtidige arrangement.

## FORVENTNINGER

– Jeg går ikke inn i stillingen med så mange forventninger, men har mange forhåpninger. Jeg håper at Gud vil bruke meg gjennom denne stillingen, og at jeg får utfordret meg selv litt i forhold til å holde andakter og spre Guds ord videre, forteller Hilde-Sofie.

Mathias for sin del har forventninger om at det skal være en spennende, skummel og givende jobb. Der han får bruk for de egenskapene han har tilegnet seg gjennom utdanningen.

– Jeg har også forventninger om at det vil bli gøy å komme ut i felten og å være sammen med barn



og ungdom. Og få bygget relasjoner mellom meg og dem, men også mellom dem og Gud, avslutter Mathias.

## FRITID

Utenom å arbeide kan Mathias og Hilde-Sofie fortelle om flere hobbyer de liker å holde på med på fritiden. Mathias har flere hobbyer, og er veldig glad i sport. Han følger med en del på fotball og spiller selv håndball. Utenom dette så liker han brettspill, tv-spill, se på tv-serier, være med andre mennesker og å være ute i naturen. Hilde-Sofie er glad i mennesker og bruker mye av fritiden sin på å være i lag med venner og familie. Ellers er hun glad i å slappe av foran tv-en eller med en bok i hånden, lage god mat eller å være ute i naturen.

### 2-4 trinn

#### MiniLeir

1-2 oktober

Brusdalsheimen

Pris 380 kr

#### JuleGaveMini

19-20 november

Brusdalsheimen

Pris: 400 kr

### 5-7 trinn

#### OrrenesLeikane

23-25 september

Orreneset

Pris 540 kr

#### TweensAction

11-13 november

Brusdalsheimen

Pris: 540 kr

### 8-10 trinn

#### NightGames

4-6 november

Orreneset

Pris: 640 kr

For informasjon og påmelding:

[imfung-sunnmore.no](http://imfung-sunnmore.no)

eller på tlf: 70 17 86 73



# REISERUTER

## Hausten 2016

**JOHAN HALSNE:**

04.10: Eidsdal, 05.og 07.10: Gursken, 06.10: Sula, 09.10: Brattvåg, 09.10: Ellingsøy, 10.10: styremøte, 18.10: Karmøy, 19.-23.10: Frikstad, 20.-23.10: Sørlandet, 26.-27.10: Leirstadskurs Orreneset, 27.10: Sula, 28.10: Berøa, 29.-30.10: Karmøy, 01.11: Blindheim, 04.-06.11: Sula, 08.11: Blindheim, 09.-13.11: Gamlem/Søvik, 13.11: Ulsteinvik, 14.11: styremøte, 16.-18.11: Langevåg, 20.11: Emblem, 30.11: Valldal, 01.12: Ellingsøy, 02.12: Valderøy, 04.12: Storsamling Borg, 06.12: Karmøy, 09.12: Remøy, 10.12: Emblem, 11.12: Ulsteinvik, 12.12: styremøte, 16.12: Tau

**RANDI FAGERHOL LAUVÅS:**

15.10: Lederforum Bergen, 16.09: Emblem, 10.10: styremøte, 25.10: Musk Herøy, 31.10: Vigra, 04.11: Ellingsøy, 11.-13.11: Brusdalsheimen, 14.11: styremøte, 21.011: Lederforum Bergen, 22.11:

Hundeidvik, 27.11: Godøya, 28.11: Emblem, 04.12: Storsamling Borg, 12.12: styremøte

**MATHIAS LINDGREN MULELID:**

16.-18.09: Konfu, 23.-25.09: Orrenesleikane, 01.10: Konfu, 21.-23.10: PitStop Valderøy, 26.10: Møre u.skule, 04.-06.11: leir, 16.11: Møre Hatlehol, 19.11: Konfu, 23.11: Godøya, 03.12: Konfu, 04.12: storsamling Borg, 13.12: Musk Herøy, 14.12: Møre u.skule, 26.12: julefest Gamlem

**HILDE SOFIE BLINDHEIM**

**ØSTREM:** 01.-02.10: minileir Brusdalsheimen, 17.10: Tusenfryd Emblem, 26.10: Gam lem, basar, 19.-20.11 :minileir Brusdalsheimen, 04.12: Storsamling Borg

**KJELL FURNES:** 18.09: Godøy, 24.09: Fiskåbygd, 12.-16.10: Stordal, 20.10: Langevåg, 25.10: Emblem, 26.10: Amdal, 06.11: Syklyven, 27.11: Ørsta, 30.11: Rovde, 11.12: Ulsteinvik, 27.12: Sjøholt.

**MARIT STOKKEN:** 23.-27.11:

Hundeidvik, 06.-11.12: Julekalender

**ING BJØRN VINGEN:** 17.11:

Lepsøy, 18. og 20.11: Volda

**AUD KARIN KJØLVIK RINGVOLL:**

18.-20.11: Brattvåg

**GUNNSTEIN NES:** 25.-27.11: Giske**TOR INGVOLD LAUVRAK:** 18.-

20.10: Skodje/Sjøholt, 21.-23.10: Pitstop Valderøy

**JOSTEIN MULELID:** 27.-30.10:

Ulsteinvik

**AN BJØRN WALDERHAUG:** 20.-

25.09: Valle, 20.11: Spjelkavik

**GUDRUN LONGVA:** 04.-06.10:

Valldal, 13.10: Lepsøy, 16.10:

Harøy, 26.10: Výborgarr, 29.10:

Eidså, 05.11: Radiomesse, 07.-

16.11: Výborgtur, 25.11: Amdalen, 11.12: Syklyven bhf.

**HILDE GJENGEDAL:** 04.-06.10:

Valldal, 13.10: Lepsøy, 16.10:

Harøy, 26.10: Výborgarr., 29.10:

Eidså, 05.11: Radiomesse, 20.11:

Brattvåg, 25.11: Amdalen, 11.12: Syklyven bhf.

**HELGE DIMMEN:** 05.10: Eidsdal,

01.-02.11: Hjørungavåg

**KARL ARNE AUSTNES:** 13.11:

Syklyven bhf., 17.-18.11: Tønnfjord

**ARVID ØDEGÅRD:** 16.10: Godøy, 16.10: Spjelkavik
**ROBERT UGGEDAL:** 18.09: Stranda
**JARLE BERLAND:** 24.-25.11: Tønnfjord
**LOTTE PEDERSEN:** 21.-22.10:

Kvinnetreff Brusdalsheimen

**ODDBJØRN BRUNSTAD:** 21.-

23.10: Skodje/Sjøholt

**SOLFRID ULSTEIN RIISE:** 18.09:

Ørsta

**KAI-EVEN BJØRDAL:** 24.11

Godøy

**KÅRE MAGNE REMMEN:** 20.-

21.09: Eidså/Syvde

**EIVIND VOLLE:** 18.09: Spjelkavik
**ARILD OVE HALÅS:** 09.10, 06.11,

04.12: Spjelkavik

Inspirasjonsdager for kvinner  
Brusdalsheimen  
21.-22. oktober

Taler: Lotta Pedersen

## Radiolotteriet 2016

Vinn flotte gevinstar i Radio Sunnmøre sitt Radiolotteri 2016.



Trekning  
18. oktober

Kjøp lodd ved på tlf: **70154100** eller per epost: [post@radiosunnmore.no](mailto:post@radiosunnmore.no)

Adresse + sum du vil kjøpe for. Minnium kr. 300,-